



ÅRSMELDING FRÅ STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Styret har vore samansett slik i 2001:

Leiar	Svein Inge Lundheim
Nestleiar	Per Ove Fossheim
Sekreter	Arnstein Hauge
Kasserar	Kjell Erik Strand
Vara	Steinar Berkvam

Jaktutval	Bjarne Sjøthun
Fiskeutval	Øyvind Husabø
Leirduebaneutval	Leif Arne Lingjerde
Ungdomsutval	Hallvard Grinde
Hundeutval	Kurt Langeteig

Det har vore 5 styremøte i perioden.

Saka om ny leirduebane på Kvålen vart teken opp att, og kommunestyre ga klarsignal til prøveskyting. Rapporten på støymålingane frå *Kilde Akustikk a/s* viste att refleksjonslyden vart over 65 dBA, som er for høgt for skyting. Etter drøfting i styret vart alternativet om plassering av ny leirduebane i Henjadalen også lagt vekk, til fordel for opprusting av det eksisterande anlegg på Kleppa.

Laget fekk tildelt PC-utstyr frå *SND* gjennom kulturkontoret gratis. Dette utstyret har vorte brukt til skytestemnene på Kleppa.

Kommunen har tildelt laget 5000,-kr i kulturmidlar, som vart brukt til ny lagshagle m/koffert til 5800,-kr. Eit nytt våpenskap til 3000,-kr er også kjøpt.

Det er oppretta eit godt samarbeid med Hans Kristian Dolmen på Kommunen. Blant anna hadde me eit møte om organiseringa av jegerprøven. Laget har no heile 6 jegerprøveinstruktørar, 3 av desse skal på instruktørkurs i vinter. Per Norstein er kontaktperson for jegerprøven. Interesse for jegerprøven er aukande. Kurset som vart starta opp like før jul hadde heile 25 deltakarar.

Den nye heimesida på internett har hatt aukande antall treff/sjåare dei siste 2 månadene. Heimesida er ein fin måte å formidle informasjon og nyheiter til medlemmar og andre interesserte.

2

Det er prøvd å få til eit møte med Syrstrond Grunneigarlag uten å lukkast.

Våre støttespelarar i 2001 har vore *Sparebanken Sogn og Fjordane med 6000,-kr.* og *Edelsmolt med 5000,-kr.*

Ved årsmøte vart det oppretta eit hundeutval med 4 medlemmar, der leiaren har fast plass i styret.

Medlemstalet i Leikanger Jakt- og Fiskelag pr. 31/12-2001 var 96 stk.

Trastadalshytta har vorte brukt i 14 døgn i 2001.

Leikanger Kommune gjekk til innkjøp av ein *CORONA* parafinovn til hytta.

Sjå egne årsmeldingar frå utvala.

Styret.



Årsmelding Jaktutval LJF 2001

Jaktutvalet har vore samansett slik:

Lelar : Bjarne Sjøthun
Medlem : Per Norstein.
Medlem : Per Olav Henjum
Medlem : Øyvind Njøs.

Det vart også i år arrangert jegerprøvekurs ved Sverre Fossen og Bjørn Fjøsne, men med litt hjelp frå Olav Ekrene (tidlegare instruktør i Sogndal). Jaktutvalet var med under den praktiske delen. Det var i år 7 deltakarar.

Etter ønske frå Sverre og Bjørn om litt avlastning vert det no teke inn fire nye instruktørar. Dei nye instruktørane vert Olav Ekrene, Per Norstein, Bjørn Monsen og Vidar Brennstuen.

To representantar frå jaktutvalet møtte i år på årsmøtet for Sogn og Fjordane Jeger og Fiskeforening, som vart halde i Årdal.

Det vart her teke føre seg desse sakene: Utvida jakt på hjort og rovdyr, Fiske- friluftsliv og jakt i skulen og val. I tillegg fekk deltakarane ein god presentasjon av Årdal Jeger og Fiskeforening.

Jaktutvalet hadde i år 3 representantar med under avviklinga av storviltprøven.

Dette var i år ei lita utfordring grunna nye rettningslinjer. Også til neste år skal jaktutvalet vera med i dette arbeidet.

Det har ikkje lukkast oss å komme i kontakt med grunneigarlaget så saken med innføring av skotpremie har stått stille.

Hjorteviltforvaltninga er no overlatt til kommunen så jaktutvalet tek kontakt med Hans Kristian Dolmen som er kommunen sin mann her, for kanskje å få til eit visst samarbeid. Det vert prøvd å få til eit møte like over nyttår. I dette møtet vert og desse sakene diskutert: Skotpremie, dagsbegrensing av fellede ryper og korleis få grunneigarlaget på beina.

PS ! Jaktutvalet disponerer ein hubro (kråkejakt).

Bjarne A. Sjøthun.

4

LEIKANGER JAKT OG FISKELAG HUNDEUTVALET

Årsmelding

Desse er med: Bjørn Fjøsne, Elin Gjerde, Anne Katrin Bøyum og Kurt Langeteig

Hundeutvalet arrangerte strauming av hund mot sau med elektrisk halsband
21.05.01 og 05.06.01.

Det var tilsaman 9 hundar som vart straua.

Hundeutvalet hadde liten aktivitet i 2001, men vil prøva å gjera det betre i
2002.

Aktivitetsplan - 2002

- Tur for ståande fuglehundar. Hodlekve - Leikanger 13. april
- Elektrisk halsband mai/juni + haust.
- Trening av ettersøkshund. Juni

Med helsing

Kurt Langeteig

-leiar hundeutvalet-

Årsmelding, fiskeutvalet LJF

Vårsprellen vart arrangert 2. pinsedag 2001 på Hanahaug. Været var fint og det var 22 påmelde.
-Dobbelt så mange som i fjor.

Vandrepokalen gjekk til Jan Tore Fedje med størst fisk på 1004 g.

Fiskekonk. på Fjærlandsete vart og i år arrangert av Magne Optun og Steinar Husum. *45 deltakarar.*

Håkon Dyrkolbotn vann med størst fisk på 498 g. (han hadde og flest, 26 stk.)

LJF selde ikkje fiskekort i Henjaelva sesongen 2001. Dette fordi elva er i dårleg forfatning, og lita intr. frå grunneigarar til langvarige kontraktar.

Fiskeutvalet besto av: Per Sivert Nesdal, Steinar Henjum, Ivar Ness og Øyvind Husabø (formann).



ÅRSMELDING FRÅ LEIRDUEBANEUTVALET 2001

Utvalet har vore samansett slik:

Leiar: Leif Arne Lingjerde
Medlem: Odd Reksnes
Medlem: Jakob Støyva
Medlem: Svein Inge Lundheim

Aktiviteten på leirduebana og deltaking på stemnene har også i år vore liten. Bana har vore open for trening på tysdagar og fredagar frå mai til ferien. Etter ferien og fram til jakten, har bana vore open for jakttrening på torsdagar. Det vart arrangert kurs i "Bedre Hagleskot" med 6 deltakarar. Utvalet var med på avslutningen i jegerprøven, der me brukte løypestrengen for dyrefigurar.

"Indre Sogn Cup" vart arrangert i helga 2. og 3. juni, der Odd Reksnes vann samanlagt med 91 treff. Stemna på Kleppa hadde 19 deltakarar.

Frode Husum vart fylkesmeister i jegertrap med 49 treff.

LM-jegertrap vart arrangert i Os. Det vart omskyting av 5 stk. på 47 treff om bronseplassen. Etter finalen vart Frode Husum nr. 3 i A-klassen med 47 treff, Leif Arne Lingjerde nr. 2 i B-klassen med 47 treff og Kurt Langeteig nr. 3 i B-klassen med 46 treff. I lagkonkurransen vart Leikanger JFL nr. 2 med 71 treff. Med på laget var Frode med 24 treff, Kurt med 24 treff og Leif Arne med 23 treff.

NM-jegertrap og leirduesti vart arrangert i Mo i Rana. Frode Husum var einaste deltakar frå Leikanger JFL, som ente på 34. plass totalt i jegertrap og 14. plass totalt i leirduesti.

Frode Husum kvalifiserte seg til landskampen i nordisk trap som gjekk i Danmark.

Kurt Langeteig vart lagsmeister i både jegertrap og leirduesti. I jegertrapan var det 15 deltakarar med desse klassevinnarane. **Senior:** Kurt Langeteig 25 treff. **Jeger:** Per Ove Fossheim 20 treff. **Junior:** Emil Røysum 10 treff. I leirduestien var det 10 deltakarar med desse klassevinnarane. **Senior:** Kurt Langeteig 20 treff. **Jeger:** Per Ove Fossheim 17 treff.

Leirduebaneutvalet
Leif Arne Lingjerde
- leiar -

ÅRSRAPPORT UNGDOMSUTVAL L.J.F.L.2001

Frå førre året var det planlagd å halde flugebindingskurs. Dette starta 13.4 og pågjekk i v.17, 18, 19 og 20 over 8 kveldar. Deltakarar : Gjermund Høgheim, Tomas Hagen, Kåre Lennart England, Erlend Røysum, Tom Andre Husabø, Stian Rinde. I tillegg var det nokre få som kom og gjekk(nyfikne på kva dette var for noko).

Tore Broch var ein dyktig instruktør. Han heldt også ein del utstyr, effektar som han fekk kompensert(krokar). Arve, Vidar og Hallvard veksla på å vera tilstades.

Medlemmar i laget lånte velviljug ut privat utstyr slik at vi vart i stand til å avvikle kurset.

JEGERPRØVE:

To av medlemmane tok jegereksamen.

I samsvar med ungdommane vedtok vi å legge ned aktivitetane i sommarmnd. fordi dei fleste var opptekne med fotball, skyting osv.

Leiar tok eit initiativ mot viltansvarleg i Leikanger kommune for å få til eit såkalla opplæringsløyve på hjort. Dette var positivt motteke frå kommunen si side. Etter å ha forhøyr oss med viltkonsulenten hjå Fylkesmannen lukkast dette dessverre ikkje, m.a. fordi løyva allereie var tildelte.

Nytt arbeid kom i gang like etter årsskiftet. Me møttest på Leikanger Barneskule og informerte nye deltakarar. Desse møtte: Tom Andre Husabø, Elise Thorsnes, Terje Thorsnes, Mikkel Stensås Svanevik, Frede Skartun Fjøsne, Marius Brusegard, Mads Åsnes Skjeldbred, Emil Røysum Skartun, Øyvind Gjerløw, Vegar Røysum, Joachim Synnevåg (Steffen Lysne). Alle tykte om aktivitetslista frå året i førevegen og me avgjorde å starta opp med felleproduksjon. To kveldar gjekk med til dette. Me tilpassa knottane og prøveoppsette fellene slik at alle fellene fungerte. Dessverre fekk ingen fangst innan 28.2.

Heldigvis hadde me fått lovnad frå Leif Frækaland om å låna to bjørkemårar til demonstrasjonsflåing. Ivar Fagerheim utførde dette på dyktig vis.

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2001

UTGIFTER

Gebyr	165,00
Våpengebyr	327,00
Krinskontigent	2695,00
Kurs/møte	7288,00
Kioskvarer	689,50
Kjøp premiar	5242,00
Kontorutstyr/rekvisita	2777,00
Kjøp skot/duer	18686,00
Baneleige	1058,00
Trastadalshytta	3959,10
Abonn. Skytternytt	300,00
Våpenskåp	20861,00
NM/VM-deltaking	1498,00
Opplæring instruktør	2105,00
Jegerprøve	9424,00
Flugebindingskurs	282,00
Sum	77356,60

INNTEKTER

Renteinntekter	2061,00
Inntekter trening/stemme	12111,50
Sponsorinntekter	11000,00
Kontigentinnkreving	4500,00
Leigeinntekter bane	1000,00
Leigeinntekt Trastadalshytta	1250,00
Jegerprøve	23845,00
Fiskekonkurransse Fjærlandsete	1215,00
Sjøfiskekonkurransse	1535,00
Kulturmidlar	5 000,00
Kurs - "Bedre haglskudd"	1225,00
Barne- og ungdomsarbeid	1500,00
Elektrisk dressurhalsband	2400,00
Våpenskåp	18211,00
NM/VM-deltaking	1200,00
Sum	88053,50

OVERSKOT: 10696,90

AKTIVA PR. 31.12.2001:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	73 671,51
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	27 640,00
BYGG ANLEGG	13 250,00
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	18 550,00
TØMMER/MATERIALAR	<u>40 000,00</u>
SUM AKTIVA	173 111,51

Leikanger 27.02.2002

Kjell Erik Strand
Kjell Erik Strand

Rekneskapen er revidert og funnen i orden.

28.02.02

Ingve E. Henri *Sverre Fossum*

Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2001

Forklaring: A = på val 2002 B = ikkje på val 2002

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag :	Telefonnr. :
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim	<i>attval</i>	97570583
A	Kasserar	Kjell Erik Strand	<i>attval</i>	57653024
B	Sekretær	Arnstein Hauge		57654008
B	Varamedl.	Steinar Berkvam		57679260

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		91739213
B	Medlem	Øyvind Njøs		57654002

Fiskeutval:

B	Leiar	Øyvind Husabø		95112936
A	Medlem	Ivar Ness	<i>Jan Magne Vigdal</i>	57653663
B	Medlem	Steinar Henjum		91856654
A	Medlem	Per Sivert Nesdal	<i>attval</i>	90770945

Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde	<i>attval</i>	91176689
A	Medlem	Odd Reksnes	<i>attval</i>	95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim		90605267
B	Medlem	Jakob Støyva		57653002

Ungdomsutval:

B	Leiar	Hallvard Grinde		57653860
B	Medlem	Arve Yttri		97096865
A	Medlem	Olav Njøs	<i>Jon Husabø</i>	57654114
A	Medlem	Vidar Jacobsen	<i>attval</i>	57653156

Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig		95089899
B	Medlem	Elin Gjerde		
A	Medlem	Anne Katrin Bøyum	<i>attval</i>	
A	Medlem	Bjørn Fjøsne	<i>attval</i>	57653974

Revisor:

A		Sverre Fossen	<i>attval</i>	57653329
B		Inge Yttri		57653331

Valkomite:

B	Leiar	Per Sivert Nesdal		90770945
A	Medlem	Øyvind Husabø	<i>attval</i>	95112936
A	Medlem			

Hermansverk, 25.02.2002

Leikanger Jakt – og Fiskelag
V/styret,
6863 Leikanger.

Sak til årsmøtet den 01.03.02.

Sidan 1997 har eg budd i området Leikanger / Sogndal.
 Har trena ståande fuglehund svært aktiv i denne perioden.
 Høsten 1997 var det ein del ryper i området. Det var ikkje uvanleg at eg kunne
 oppleve 6-8 standar på ei treningsøkt. Sidan har det gått dramatisk nedover.
 Grunneigarlaget har heldigvis innført jaktforbod etter nyttår. Hadde dei ikkje
 gjort det, hadde vi nesten ikkje sett ryper i dag.
MEN ER DETTE NOK?
 Eg vil seie NEI!!
 Det bør innførast maksimum 2/3 ryper pr. dag pr. jeger!!
 Det er ingen av jegrane (som eg veit om) som lever av rypejakt.
 Detsom det er jegrar som jaktar ryper i området for salg, ja då er det heilt
 hårreisande. Dei må jo og sjå kor lite ryper det er blitt.
 Alle som løyser jaktkort bør kunne kontrollera andre.
 For eksempel når det smell mange skot i eit område der det er 1-2 jegrar, ja då bør dei
 sjekkast. Dette bør stå på jaktkorta, eller vedlegg til jaktkorta.
 Først ein advarsel, og derette utestenging i 3-4 år. Då vil dei aller fleste innretta seg
 etter lover og reglar.
 Håpar de kan ta dette opp som sak på årsmøtet.
 Eg kan i så fall legge det fram sjølv til forsamlinga.

Vennleg helsing
Bjørn Monsen
 Bjørn Monsen

ÅRSMØTE I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG PÅ FJORDKROA 1. MARS 2002.

Desse møtte:

L.A.Lindgjerde, Bj.Sjøthun, P.O.Henjum, Ø.Njøs, Øyvind Husabø
J.M.Vigdal, Marit Meisterplass, Bj.Monsen, I. Fagerheim, Sverre
Fossen, V.Frækaland, T.Brock, K.E.Strand, O.Reksnes,
S.I. Lundheim, P.O. Fossheim, K. Langeteig.

1. Godkjenning av møteinnkalling.

Ingen merknader.

2. Val av møteleiar og skrivar.

Svein Inge Lundheim møteleiar og Odd Reksnes skrivar.

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Per Olav Henjum og Vidar Frækaland.

4. Årsmeldingar

Alle årsmeldingane vart godkjente.

5. Rekneskap.

Rekneskapen vart godkjent med eit overskot i 2001 på kr. 10.696.90

6. Val.

Nye:

- Jan Magne Vigdal, medlem Fiskeutvalet.
- Jon Husabø, medlem Ungdomsutvalet.
- Manglar ein som medlem i valnemnda - gruppa finn eit medlem sjøve.

7. Orientering om opprusting av leirduebana på Kleppa.

Per Ove Fossheim orienterte grundig om planane om opprustinga av leirduebana på Kleppa.

- Har hatt møte med kommunen/SyriL.
- Nye avtalar med grunneigarane - søkja spelemidlar 2003.
- Ny lagshytte
- Endra skytesektoren - vri bana mot aust grunna støy i skianlegget - heilårsaktivitet.
- Ny veg fram til anlegget (ikkje spelemidlar til veg).
- Avklaring med SyriL om deira aktivitetar.
- Kombinere leirduebana med skiskyting - godt motteke i SyriL.

8. Aktivitetar 2002

- Sjå vedlegg i årsmelding frå kvar gruppe.
- Kontakte kommunen v/Dolmen vedk. krise i ettersøkshund. Har kun ein ekvipasje i i kommunen i dag (Elin Gjerde). Ho har gjeve signal om at ho tek ikkje på seg alle vald.
- Medlemskveld - forslag frå kvar gruppe - Sven Stenbrenden frå NJFF.
- Stand på haustmarknaden.

9. Informasjon

- NM i Jaktfelt på Eid.
- NVE har starta utarbeiding av miljøprogram (restaurering, rehabilitering og biotoptiltak). Leikanger kommune v/H.K. Dolmen har kontakta NVE om interesse for tiltak i Nedre Henjaelvi. Leikanger JFL må prøva og sikra seg langsiktige avtalar med grunneigarane langs elvi for sal av fiskekort.
- Trequ fleire aktivitetsbilde bilde til heimesida.

10. Innkomne saker

Jakt småvilt i Systrond grunneigarlag sitt område - bag limit (Bjørn Monsen).

Forslaget går ut på max 2/3 ryper pr. dag pr. jeger.

Her vart det diskusjon om ytterpunkt vedkomande erfaringar frå ulike jegrar.

Nokon meinte det var lite ryper, medan andre meinte det var mykje.

Vedtak:

- Henta inn informasjon frå andre som har innført bag limit.
- Styret legg fram kva synspunkt medlemane kom med på årsmøtet til møte med Systrond grunneigarlag

Enkel servering

Sosialt samvær

Referent
Odd Reksnes

Vidar Frøkaland

Per Olov Hengjum